

Nordgardsløa Org.Nr. 985 154 171. Stiftet 1989.

Referat fra årsmøte i stiftinga Nordgardsløa 25.04.2017. kl. 19.00

Frammøtte representanter:

Leif Johnsen , Meland Kommune (styremedlem)

Torbjørn Bergersen , Meland kommune (Årsmøterepresentant)

Audun Heskestad, Meland Sokneråd

Asbjørn Helland, Kristent Fellesskap

Marie Morken, Meland Mållag

Sigurd Knudsen, Meland lag av NFU

Jostein Haugland, Mental Helse

Shirley Røsseland, Mental Helse

Alvhild Aarhus, Løas Venar (Husråd)

Siren Ryland, Løas Venar (Husråd og vertskap)

Tor Åge Ryland, Løas Venar (Rekneskapsfører og vertskap)

Sak 1. Godkjenning av innkalling og saksliste.

Enstemmig godkjent.

Sak 2. Godkjenning av dei frammøtte representantane.

Enstemmig godkjent.

Sak 3. Godkjenning av referat årsmøte 2016.

Enstemmig godkjent.

Sak 4. Val av to representantar til å underskrive møteboka.

Valgt: Alvhild Aarhus og Leif Johnsen.

Sak 5. Val av ordstyrar.

Valgt Sigurd Knudsen

Sak 6. Val av skrivar

Valgt Siren Ryland



Nordgardsløa Org.Nr. 985 154 171. Stiftet 1989.

Sak 7. Årsmelding 2016

Siren R. las opp årsmeldinga.

Årsmøtet uttalte seg positivt om allsidig bruk av løa og hadde ingen merknader til årsmeldinga.

Sak 8. Rekneskap 2016.

Tor R. gjekk gjennom rekneskapen og las opp revisjonsberetningen.

Kommentar: Hvorfor er inntektene mindre i 2016 enn i 2017.

Tor svarte at det skyldes litt mindre utleie. Dette varierer fra år til år.

Årsmøtet hadde ellers ingen kommentarer til rekneskapen for 2016.

Sak 9. Budsjett 2017.

Tor R. gjekk gjennom budsjettet og informerte om behovet for å få inn inntekter til Nordgardsløa for å drifta Løa . Det vart drøfta eventuelle endringar i leigeprisane og reglar for utleige. Dette vert teke opp i styremøte.

Årsmøtet hadde ellers ingen kommentarer til budsjettet.

Sak 10. Innkomne saker.

A. Nytt vertskap til vidare drift av Nordgardsløa.

B. Endring av vedtektene.

A. Nytt vertskap til vidare drift av Nordgardsløa.

Medlemslaga har fått tilsendt eit orienteringsbrev frå leiar i styret datert 16.11.2016 om at vertskapet Siren og Tor og tilsynsfolk/vaktmestre Alvhild og Gisle ønsker å overlate sine verv i løa til andre.

Medlemslaga fikk spørsmål om det er eit lag eller einskildpersonar som ønsker å ta over jobben som vertskap i løa? Alle laga har også fått ein informasjonsoversikt over hva som må gjerast for å drifta Stiftinga Nordgardsløa. Pr.dato er det ikkje nokon løysing på dette.

Når Siren, Tor, Alvhild og Gisle ønsker å overlate verva sine til andre gjelder dette:

Vertskap for løa


Rekneskapsføring

Vaktmester

Utvasking av løa

Husråd

Dugnadsleiar.



Nordgardsløa Org.Nr. 985 154 171. Stiftet 1989.

Siren informerte årsmøtet om drifta av løa slik den er i dag, og meinte at det kunne vera andre måter å driva Nordgardsløa på.

Årsmøteutsendingen påpeikte at medlemslaga måtte yta meir i løa.

Det kom vidare fram forslag om løysingar til vaktmestertenesten, og at ein må jobba aktivt med å finna folk som kan ta utvaskingen før og etter arrangement i løa. Under debatten kom det ikkje fram nokre nye løysingar til vertskap.

Dette må styret jobba vidare med og finna fram til løysingar.

B.Endringar i vedtektene.

Tor informerte om vedtektsendringar / korrespondansen med Stiftelsestilsynet. Det er eigne vedtektar for stiftingar og desse må følgjast.

Vedtektane i Stiftinga Nordgardsløa er frå 1989 og alt er ikkje som vedtektane i Stiftelseslova tilseier. Tal på antal styremedlem var ikkje oppgitt i vedtektane. Endret er også at det er styret som er Stiftinga Nordgardsløa sitt øvste organ. Dette er no endra og godkjent i Stiftelsestilsynet.

Årsmøtet tek informasjonen til etterretning.



Nordgardsløa Org.Nr. 985 154 171. Stiftet 1989.

Sak 11. Val. (innstilling frå valnemda)

Forslag til styret sin samansetning:

| | | | |
|-------------|-------------------|-----------------------|-------------|
| Styremedlem | Jørn Kleiva | Kristent Felleskap | 2 år |
| Styremedlem | Sigurd Knudsen | NFU avd. Meland | 1 år |
| Styremedlem | Bjørnar Langeland | Meland Mållag | 2 år |
| Styremedlem | Leif Johnsen | Meland Kommune | Valperiode |
| Varamedlem | Oddmund Solbakken | Nhl. Jakt-og fiskelag | 2 år |
| Varamedlem | Beate Eknes | Meland kommune | .Valperiode |

Kommentar frå årsmøtet:

Det skal velgjast 2 varamedlem som står på val annet kvart år.
Dette stemmer ikkje med varamedlem frå Meland kommune som er valgt for 4 år. Dersom ho er personleg varamedlem for kommunens styrerepresentant, bør ho utgå og eit nytt varamedlem frå medlemslaga velgjast. Elles bør det vel vera 3 varamedlem ?
Styret bør undersøkje dette med Stiftelsestilsynet.
Innstillinga frå valnemda vart enstemmig vedtatt.

Møter slutt kl.21.30

Frekhaug 03.05.2017

Siren Ryland Alvhild Aarhus Leif Johnsen

Siren Ryland
Referent

Alvhild Aarhus
Signering av protokollen

Leif Johnsen
Signering av protokollen